

Rettleiing til søknad om midlar til innovasjons- og utviklingstilskott for 2023

Søknadsfrist: 24. februar 2023 kl. 16.00

Medietilsynet fordeler årleg midlar til innovasjons- og utviklingstilskott.

Målet med innovasjonsstøtta er å styrke det norske mediemangfaldet og den opplyste offentlege samtalen gjennom å stimulere til redaksjonell, innhaldsretta innovasjon og utvikling i nyheits- og aktualitetsmedium. Ordninga skal særleg fremme redaksjonell, innhaldsrette innovasjon og utvikling i små, lokale nyheits- og aktualitetsmedium.

Kven kan søke?

Målgruppa for ordninga er nyheits- og aktualitetsmedium som har som hovudformål å drive produksjon og formidling av nyheiter, aktualitetsstoff og samfunnsdebatt til allmenta. Det inneberer at den som står oppført som søker må være et nyheits- og aktualitetsmedium.

Nyheits- og aktualitetsmedium kan samarbeide med andre i prosjektet, til eksempel bransjeorganisasjonar eller verksemder utanfor bransjen. Fleire nyheits- og aktualitetsmedium kan søke saman om tilskott til fellesprosjekt.

Kva prosjekt kan du søke støtte til?

Støtte til innovasjons- og utvikling

Det kan søkast om støtte til innovasjons- og utviklingsprosjekt som

- a) utviklar redaksjonelt innhald
- b) utviklar eller implementerer nye løysingar for produksjon, publisering, spreing eller konsum av redaksjonelt innhald.

Midlar til forprosjekt

Det kan søkast om midlar til forprosjekt for utvikling av innovasjons- og utviklingsprosjekt. Ein slik utviklingssøknad bør innehalde mål for prosjektet, prosjektet sitt budsjett og framdrift.

Prioriterte område i 2023

Digitalisering og omstilling

I samband med endringar i postlova har regjeringa auka innovasjons- og utviklingstilskottet med ti millionar kroner for å bidra til digitalisering. Ordninga er retta mot aviser som særleg blir ramma av endringane med færre omdelingsdagar.

I fordelinga av midlar vil Medietilsynet prioritere:

- lokale samarbeidstiltak som gjer at midlane kommer flest mogleg til nytte
- tiltak som gjer at avisene blir mindre avhengige av papir (utviklar metodar for å nå brukarane på digitale måtar)
- prosjekt frå aviser som har ein stor del av økonomien knytt til papirutgiving og som har ein stor del av papiroplaget distribuert utanfor tette busette område

Tenester retta mot personar med funksjonsnedsettingar

Visjonen til regjeringa er eit samfunn der alle menneska kan delta og ha moglegheit til å bidra i samfunnet. Politikken for menneske med funksjonsnedsetting skal bygge på likestilling og likeverd, sjølvstyring, medverknad, deltaking og inkludering. Inkludering og likestilling av personar med funksjonsnedsetting er ein føresetnad for eit berekraftig velferdssamfunn og for at den einskilde skal kunne leve frie og sjølvstendige liv. Medietilsynet vil prioritere prosjekt som er retta mot tenester for personar med funksjonsnedsettingar.

Prosjekt retta mot særlege grupper som innvandrarar og språklege minoritetar

For tilskottsåret 2023 vil søknader som retter seg mot særlege grupper som innvandrarar og språklege minoritetar blir prioriterte.

Søknadsbehandling og krav til søknad

Fagutvalet for innovasjons- og utviklingstilskott

Fagutvalet for innovasjons- og utviklingstilskott er eit rådgivande organ for Medietilsynet. Midlane til innovasjons- og utviklingstilskott blir fordelte av Medietilsynet på grunnlag av ei innstilling frå fagutvalet.

Økonomi

Beløpa som blir tildelt blir i enkelte tilfelle redusert i forhold til søknadssummen. Medietilsynet føreset likevel at prosjektet kan gjennomførast slik det er søkt om med redusert ramme eller ved at søkaren kan nytte egne tilsette/midlar i prosjektet.

Dersom dette ikkje lèt seg gjere, må tilskottsmottakar ta kontakt med Medietilsynet (innovasjon@medietilsynet.no) for å drøfte andre alternativ.

Søkarar må på førehand avklare moglegheita for å samfinansiere prosjektet med andre institusjonar.

Lønn

Timesatsen skal dekke lønnskostnader og reknas ut med utgangspunkt i avtalt årslønn. I tillegg kommer sosiale kostnader og indirekte kostnader som er relevante.

Timesatsen kan ikkje overstige 1 100 kroner.

Krav og råd til søknad

Søknaden må innehalde ein prosjektplan. Om denne manglar, kan søknaden bli avslått.

Søknaden må skrivast på norsk (bokmål eller nynorsk). Søknadar på andre språk enn norsk vil bli avvist. Prosjektomtalen bør ikkje vere på meir enn åtte A4-sider (med mellomrom).

Kor innovativt prosjektet er, og i kva grad andre medium kan ta i bruk utvikla løysingar, vil ha betydning for fagutvalet si tilråding og Medietilsynets vedtak.

Offentleg stønad kan ikkje overstige 40 prosent av prosjektkostnadene. For prosjekt som rettar seg mot små, lokale nyheits- og aktualitetsmedium kan offentlig støtte utgjere inntil 75 prosent av prosjektkostnadene. Anna offentlig finansiering av prosjektet vil inngå i den offentlege delen av prosjektkostnadene.

Under søknadsbehandlinga kan fagutvalet eller Medietilsynet oppmode søkeren om å justere søknaden sin, for eksempel ved at Medietilsynet løyver midlar til fastsette delar av eit prosjekt.

Vurderingskriterium

- Prosjekt som utviklar redaksjonelt innhald eller utviklar/implementerer nye løysingar for produksjon, publisering, spreiding eller konsum av redaksjonelt innhald, kan få tilskott.
- Prosjekt som kan vise til innhaldsretta innovasjon framfor reine redaksjonelle kapasitetsaukar, tekniske oppgraderingar eller kjøp av utstyr, stiller sterkare i utveljingsprosessen.
- Ofte er verksemda avhengig av eksterne kjelder og ressursar for å kunne innovere. Prosjekt som søker etter stønadsmidlar for å kjøpe tenester og komponentar til å realisere innovasjon eller utvikling, kan derfor kvalifisere til å få tilskott.
- Prosjekt med mål om å oppnå små, stegvise innovasjonar (eller søknader med eit slikt innovasjonspotensial) kan vere like aktuelle som søknader med eit radikalt innovasjonspotensial. Eit prosjekt med moglegheit til å oppnå små, stegvise innovasjonar må likevel klart kunne skiljast frå prosjekt knytt til rein drift og omlegging av verksemda.

Det vil ikkje bli innvilga nye midlar til ein søker før rekneskap og rapport er mottekne for tidlegare innvilga stønad.

Dersom ein tilskottsmottakar søker året etter at dei har motteke tilskott, men før rekneskaps- og rapporteringsfristen, så må Medietilsynet fyrst ha motteke ein førebels rapport om bruk av tilskottet gitt det føregåande året.

Omgrep nytta på søknadsskjemaet

Aktørnamn:

Eit norsk selskap eller eit enkeltpersonføretak (med eige føretaksnummer).

Medietilsynet kan, i spesielle tilfelle, vike frå kravet til å ha ein norsk institusjon/bedrift som søker.

Prosjektleder:

Prosjektleder er den faglege ansvarlege for prosjektet.

Rekneskapsansvarleg:

Rekneskapsansvarleg - person som kan klargjere for rekneskapsen til prosjektet.

Prosjektkategoriar:

Digital utvikling: generell digital utvikling, for eksempel oppgradering av gjeldande tekniske publiserings- og produksjonsløyserar

Utvikling av publiseringsplattformer: utvikling av nye plattformer, for eksempel utvikling av lydavis i ei nettavis, utvikling av radio på tv, utvikling av podkast i ei avis osv. Utvikling av andre plattformer for publisering for å nå fleire lesarar/lyttarar.

Utvikling av forretningsstrategiar: Utarbeiding av modellar eller strategiar for endring, forbetring og effektivisering av forretningsmodell. For eksempel utarbeiding av ein strategi for korleis å drive radio lønnsamt i overgangen frå FM til DAB, finne strategiar for korleis å nå bestemte grupper med lesarar osv.

Utvikling og produksjon av innhald: For eksempel utarbeiding av ein seksjon for gründerjournalistikk, utvikling av innhaldet i avis for å nå bestemte grupper, produksjon av ein særleg type innhald osv.